

Til kommunalt foreldreutval, fagrørsler og leiar for samarbeidsutval

Styrar og rektor er sekretær for samarbeidsutval, og kallar inn til møte i samarbeid med leiar.

Som de er kjend med skal det gjennomførast ei relativt omfattande utgreiing av barnehage og skule i Sauda. Først og fremst på områda kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling. Det skal også greiast ut ulike alternativ for organisering av barnehage og skule.


Det er Norconsult som har fått oppdraget med utgreiing.

Kommunestyret er særst opptekne av involvering og medverknad frå barn/unge, tilsette og føresette.


Det blir derfor lagt opp til involvering på følgjande område:

- 1) Barns beste vurdering
- 2) Definere ønska situasjon – framtidsbilete – for praksis i barnehage og skule.
- 3) Innspel til saka «Høyring framtidig organisering av oppvekst.»

Målet er å få til ei involvering nedanfrå og opp:




Samla innspel frå samarbeidsutval i kvar eining



Samla innspel frå kvar fagrørsle

Alle fagrørsler i kvar barnehage/skule (SFO) skal få gi innspel til sin HTV/kommunal representant.



Kommunedirektøren legg fram saka «høyring om framtidig organisering av oppvekst» for kommunestyret i juni-møtet. Når kommunestyret har vedteke korleis høyringsutkastet skal sjå ut, blir det ei høyring på 6 veker. I denne perioden kan alle i Sauda gi innspel/det er open høyring.

Prosjektgruppa vil vurdere og vekte alle høyringsinnspel, og gi si innstilling til kommunedirektøren. Kommunedirektøren legg fram sak om framtidig organisering av oppvekst for kommunestyret.

For å få til dette, har me ein tidsplan alle involverte må halde seg til.

Viktige datoar:

22. mars 2024:

Frist for elevråd, FAU og tilsette på arbeidsplassane til å drøfte og gi innspel til sine representantar i samarbeidsutval og på følgjande område:

- 1) Barn beste vurdering
- 2) Framtidsbilete

Det inneber at det bør setjast opp eit møte i elevråd, FAU og personalmøte for tilsette før denne dato.

Viser til vedlegg for meir informasjon.

12. april 2024:

Frist for samarbeidsutvala og fagrørsler til å gi samla innspel til barns beste vurdering og framtidsbiletet. Viser til vedlagte spørsmål.

Det inneber at det må setjast opp eit samarbeidsutval i alle barnehagar og skular i perioden mellom 23. mars og 12. april.

Styrrar/rektor sender samla innspel frå samarbeidsutvalet ved å svare på spørsmåla i eige skjema. HTV gjer det same på vegne av fagrørsla. Innspelet er eit offentleg dokument som vil følgje seinare saksframlegg.

07. mai 2024:

Frist for elevråd, FAU og tilsette til å drøfte og gi innspel til sine representantar i samarbeidsutval, som gjeld saksframlegget «Høyring framtidig organisering av oppvekst.»

Det inneber at det bør setjast opp eit møte i elevråd, FAU og for tilsette i perioden 25.april – 07.mai.

Det blir sendt ut eigen informasjon om dette oppdraget, i forkant av møtet.

10. mai 2024:

Frist for samarbeidsutvala og fagrørsler til å gi samla innspel til saksframlegg «Høyring framtidig organisering av oppvekst.»

Det inneber at det må setjast opp eit samarbeidsutval i alle barnehagar og skular etter elevråd, FAU og tilsette har drøfta saka, og før 10.mai.

Styrrar/rektor sender samla innspel frå samarbeidsutvalet ved å svare på spørsmåla i eige skjema. HTV gjer det same på vegne av fagrørsla. Innspelet er eit offentleg dokument som vil følgje seinare saksframlegg.

Beste helsing
prosjektgruppa for framtidig organisering av oppvekst